

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 14.10.2020 kl.17.00-19.00

Tilstades: Birger Bolstad, Einar Brattegard, Anne Kjersti Frøyen, Arild Øystese Hansen, Torfinn Slåtto, Wenche Smestad, Vigdis Moen Storhaug, Liv Margit Sørboen, Else Karin Veslegard

Forfall:

Opning: Wenche S - Tollevschaugkyrkja

Saksnr.		Ansvar
45/20	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling eller protokoll.	
46/20	Gudstenester i jula + 1.sundag i advent Staben foreslår å arrangere gudsteneste på Torpo for konfirmantane 1.sundag i advent ute ved Joker. Dette blir ei forenkla gudsteneste. Korpset på Torpo har gitt signal om at dei kan spela ute, og dette er svært ynskjeleg. Soknerådet støttar framlegget. Soknerådet støttar også følgande framlegg frå staben: <ul style="list-style-type: none">• Ål helsesenter: Arne og Audun har ei lita markering i kvar avdeling• Vats fjellkyrkja: kl 1300 utegudsteneste• Leveld kyrkje: 1430 og 1600 – påmelding Hallingbillett (ca 50 x2 stk)• Torpo kyrkje: 1430 og 1600 – påmelding Hallingbillett (ca 50 x2 stk)• Ål kyrkje: Utegudsteneste på torget kl 1600• Ål kyrkje 1.juledag: 1100 og 1300 – påmelding Hallingbillett (ca 100 x2 stk)• Leveld kyrkje: 2.juledag kl 1900 (kanskje med konfirmantdåp)	Staben
47/20	Kyrjekaffi helgemessesundag Diakoninemdene ynskjer å tilby kyrjekaffi på helgemessesundagen. Dette kan løysast på smittevenleg vis. Soknerådet støttar dette, forutsett at smittevernreglar blir fulgt.	Diakoninemder
48/20	Søknad om 3000 kr i støtte til markering av Global veke Det er planlagt liknande arrangement som i fjor. Lys vaken og opplegg for konfirmantar med danseseminar. Soknerådet ynskjer å støtte med kr 3000, og fordeler dette likt på dei tre sokna.	Guro
49/20	Høyring om kyrkjeval Det er forslag om å sete ned ei gruppe som arbeider fram eit framlegg til uttale til neste møte. Einar, Anne Kjersti og Torfinn melder seg til denne tenesta.	Einar, Anne Kjersti og Torfinn
50/20	Justering av lokal grunnordning for gudstenestene Soknerådet sitt framlegg til bestemmingar for høgmesse: <ol style="list-style-type: none">1. Velkomstord og kunngjeringar før gudstenesta startar. Er det dåp i gudstenesta, blir namnet til dåpsbarnet nemnt her. Avsluttast med «<i>Lat oss vere stille for Gud.</i>»2. Samlingsbøn: Alternativ 1. «<i>Gud, vi er kome inn i ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss. Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg.</i>»3. Innleiing til syndsvedkjenning: «<i>I tillit til Guds nåde vil vi be om tilgjeving.</i>»4. Syndsvedkjenning: Alternativ D. Tidleg i gudstenesta. «<i>Heilage Gud, vår skapar, sjå i nåde til oss. Vi har synda mot deg og brote boda dine. Tilgjev oss for Jesu Kristi skuld. Set oss fri til å tena deg, verna om skaparverket og møta vår neste med kjærleik.</i>»5. Kyrie: «<i>Kyrie eleison, Gud Fader, miskunne deg Kriste eleison, Herre Krist, miskunne deg Kyrie eleison, Helling Ånd, miskunne deg</i>»6. Gloria: «<i>...og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgger deg.</i>»	

7. Truvedkjenning: Den Apostoliske truvedkjenninga.
Den Nikenske truvedkjenninga i høgtidsgudstenester.
 8. Som normalordning nyttast ei av dei ferdige formulerte bønene. Forbøna kan også utformast lokalt.
 9. Vi minnst dei døde. Lesing etter opplesing av namn: «*No er livet gøymt hos Gud. Vi overgjev alt til Han. Håpet er tent i liv og død. Ingen er gløymd av Gud.*»
- Sak 50/20 blir avslutta her, og fortset i neste møte.

51/20 Meldingar

- a) Polsk-katolsk kyrkjelyd får bruke Ål kyrkje til konfirmasjon 10.10.2020. (Vedtak i AU).
- b) Kristine Andersen og Sveinung Hansen kan stille i ei arbeidsgruppe saman med Arild Ø H om digitale løysingar og tilbod.
- c) Vigdis foreslår fest for 50-årskonfirmantar 7.mars (1970-kullet) og 30.mai (1971-kullet).

52/20 Eventuelt

Ingen saker.

Neste møte: 18.11.2020 kl 1700 i kyrkjestugu

Opning: Anne Kjersti Frøen

Skrivar: Torfinn Slåtto